

*Nokon kjem til
å komme*




Foto: Tom A. Kolstad / Aftenposten / Scanpix

«Den nye Ibsen»

☛ **Jon Fosse** (1959–) debuterte i 1985 med romanen *Raudt. Svart* og fekk det store gjennombrøtet sitt som forfatter på byrjinga av 1990-talet. Med skodespel som *Og aldri skal vi skiljast* (1993), *Namnet* (1995) og *Nokon kjem til å komme* (1999) vart Jon Fosse den første norske dramatikaren sidan Ibsen med omfattande internasjonal suksess. Fosse blir da også ofte omtalt som «den nye Ibsen», og felles for dei to dramatikarane er – i tillegg til internasjonal suksess – ein nyskapande og utforskande teaterteknikk.

☛ Forfattarskapen til Jon Fosse er alle-reie av stort omfang – og han har skrivne i både roman-, drama- og lyrikksjangeren. Jon Fosse har fått fleire prisar og utmerkingar. Han er æresmedlem av Norske Dramatikeres Forbund, utnemnd til kom-

mandør av St. Olavs orden og fekk i 2005 Brageprisens heiderspris.

☞ I tillegg til den skjønnlitterære produksjonen har Fosse gitt ut fleire essay- og artikkelsamlingar. Han er utdanna cand. philol. med litteraturvitskap som hovudfag, og i essay- og artikkelsamlingane sine granskar han både eigen og andres litteratur i eit teoretisk perspektiv. I perioden 1987–1993 underviste Fosse på Skrivekunstakademiet i Hordaland, og han har – saman med Jan Kjærstad – vore redaktør for tidsskriftet *Bøk*. Fosse står også bak fleire omsetjingar og gjenforteljingar av klassiske verk, som til dømes **Johann Wolfgang von Goethes** (1749–1832) *Faust* (1808 og 1832) og **Harold Pinters** (1930–2008) *Ashes to ashes* (1996).

Verdskjend vestlandsforfattar



Foto: Bård Løken / Samfoto / Scanpix

☞ Jon Fosse har sjølv karakterisert seg som ein *vestlandsforfattar*. Ofte legg han den konkrete handlinga i tekstane sine til avsidesliggjande stader på Vestlandet – i eit naust nede ved fjorden eller i eit forlate hus inst i dalen. Den karrige og harde vestlandsnaturen dannar eit viktig bakteppe i diktinga hans. Fosse seier sjølv at det er «himmelen, vinden og lyngen» som inspirerer han i skrivinga.

Han prøver å lytte både til stilla og til lydane i naturen, og prøver å formidle kjenslene dei gir, i tekstane sine. Særleg regn er eit naturfenomen som ofte går igjen i diktinga til Fosse.



Foto: Trygve Indrelid / Aftenposten / Scanpix

☞ Men også mentaliteten og kulturen han skildrar, er ifølgje Fosse typisk vestlandsk. Dialogen mellom menneska er knapp, humoren underfundig, og hendingar blir ofte underdrive. Tekstane er

prega av ein nøktern tone der språket er reinska for patos og overflod.

☞ Sjølv om både miljø og karakterar i litteraturen til Fosse kan oppfattast som uttrykk for ein regional og kanskje litt sær norsk mentalitet, står karakterane fram som svært allmennmenneskelege – noko som kanskje er svaret på kvifor Fosse slår så godt an internasjonalt. Tekstane er også ofte fylte av vemod og melankoli. Fosse seier sjølv av livet er grunnleggjande trist. Alt du har kjær i livet, og du sjølv, vil etter kvart forsvinne og bli borte. Denne vissa om at livet er i stadig oppløysing og forvitring, er ei allmennmenneskeleg kjensle. I litteraturen til Fosse kjem dette til uttrykk gjennom ei indre uro og karakterar som er både skjøre og valdsame på same tid.

☞ Miljøet i Fosses tekstar er prega av ei religiøs, nærmast pietistisk livshaldning. Fosse er sjølv oppvaksen i eit pietistisk

miljø, og han undersøker både i lyrikk, drama og romanform korleis religionen påverkar einskiltmenneske og forholdet deira til omgivnadene og andre menneske. Mange av dei litterære karakterane har bibelske namn, og handlinga har ofte parallellar til bibelhistorier. Fleire har peikt på at både fokuset på det reint allmennmenneskelege i stykka hans og den språklege utforminga av dei peiker i retning av eit religiøst nivå i tekstane.

☛ Denne religiøse interessa delar Fosse med fleire forfattarar i samtida. Forfattarar som **Jonny Halberg** (1962–), **Dag Solstad** (1941–) og **Karl Ove Knausgård** (1968–) har alle skrive tekstar med klare bibelske referansar, og til liks med Jon Fosse er dei opptekne av korleis religion pregar menneske i det postmoderne samfunnet. Filosofen **Jürgen Habermas** (1929–) har peikt på at dagens samfunn på mange måtar kan kallast eit

postsekulært samfunn – eit samfunn der religion har fått fornya interesse – både politisk, kulturelt og individuelt. Hos Fosse må religion forståast både som ei individuell lengt og ei kulturell forankring.



Fotografen Signe Marie Andersen tolkar skodespelet «Dei døde hundane» av Jon Fosse

«Ein meister med pausar»

☛ Jon Fosse vart på 1990-talet kjend som ein nyskapande lyrikar i norsk samtidslitteratur. Fosse gir sjølv uttrykk for at det er lyrikken som ligg han nærmast; her utfordrar han seg sjølv både som menneske og forfattar. I 1986 gav han ut samlinga *Engel med vatn i augene*. På 90-talet gav han ut fleire samlingar, som *Hund og engel* (1992) og *Nye dikt* (1997).

☛ Fosses dikt krinsar ofte rundt dei same språklege bileta og symbola, særleg er han oppteken av hundar, englar og sjøen. I *Nye dikt* ser vi tydeleg både Fosses særeigne språklege eksperiment og korleis han krinsar rundt religiøse tema og spørsmål. Fleire av dikta er mellom anna utforma som bønner, og Fosse har ei rekkje bibelske allusjonar i dikta sine.

☛ Fosse har også skrive fleire romanar. I tobindsromanen *Melancholia I–II* (1995–1996) skriv han ei suggererande og gjentakande forteljing ut frå målaren **Lars Hertervigs** (1830–1902) perspektiv. I romanen skildrar han ein melankolsk kunstnar med sterkt skiftande humør. Forteljemåten er langsam og gjentakande, og han skapar i romanen både ein poetisk grunntone og ei nærmast manisk suggererande form.

☛ I romanen *Stengd gitar* (1985) møter vi ei mor som ved eit uhell låser seg ute frå leilegheita si. Inne i leilegheita sit den eitt år gamle sonen hennar aleine, og romanen handlar om korleis mora kvilelaust vandrar rundt etter hjelp til å komme seg inn. Ferda og tankane tek mora stadig lenger vekk frå leilegheita, og lesaren får aldri noko svar på korleis det går med barnet. Romanen sluttar slik han byrjar – med mora som kviskrar gjennom døra: «Ungen

min, eg er her no. Ikkje ver redd, seier eg». Lesaren sit igjen med ei grunnleggjande uro.

☞ Den grunnleggjande uroa og underliggjande angsten vi ofte kan finne i romanane til Fosse, er – nærmast naturleg nok – tona noko ned i barnebøkene hans. I boka *Kant* (1990) møter vi ein åtte år gammal gut som saman med faren filosoferer over dei store spørsmåla i livet. Men også bøker som *Uendeleg seint* (1989) og *Vått og svart* (1994) handlar om barn som gjennom samtalar prøver å setje ord på kva som er vanskeleg, og på den måten arbeider seg gjennom kimar til angst og uro.

☞ Både tematisk og språkleg har Fosse teke med seg sin særeigne stil frå lyrikk- og prosatekstane til dramajangeren. Sidan debuten på Den Nasjonale Scene i Bergen i 1994 har han skrive heile 22 skodespel – ein dramatisk raptus på lik linje

med Ludvig Holbergs. Fosses dramatikkk blir av mange omtalt som eit paradigmeskifte innan norsk teater- og skodespeltradisjon. Stykka tvingar oss til å tenkje på skodespel og teater på ein grunnleggjande ny måte. Fosse blir gjerne omtalt som «ein meiser med pausar», og det er nettopp fråværet av dialogar og replikkar som gjer stykka hans så unike og nyskapande.



Følg Jon Fosse gjennom skriveprosessen fram mot eit nytt skodespel

Nokon kjem til å komme – ytre dialogar og indre monologar



Jan Grønli og Unn Vibeke Hol i «*Nokon kjem til å komme*» på Det Norske Teatret i 1996.

Foto: Helge Hansen / Aftenposten / Scanpix

☛ I 1996 gav Jon Fosse ut *Nokon kjem til å komme*. Stykket handlar om ei namnlaus kvinne og ein namnlaus mann som kjøper seg eit hus nede ved sjøen. «Ho» og «Han» ønskjer å bu «aleine i kvarandre»,

men den «tosame einsemda» dei lever i, blir utfordra da den tidlegare eigaren av huset involverer seg i liva deira. Nærværet av den tidlegare huseigaren vekker sjalusi, uro og valdsame kjensler mellom dei to hovudkarakterane.

☛ *Nokon kjem til å komme* har, til liks med dei fleste Fosse-stykkka, få karakterar. I dette stykket møter vi berre tre karakterar – og desse manglar både namn og særpreg. Jon Fosses karakterar blir ofte framstilte i slike stiliserte roller: Du møter «mor», «far», «son», «mann» og «kvinne». På denne måten blir karakterane representantar for noko allment og typisk, meir enn dei representerer noko individ- uelt. Grunnleggjande og allmennmenneskelege kjensler og karaktertrekk blir framstilte slik at eit breitt publikum kan finne delar av seg sjølve – og sine eigne liv – i karakterane. Rekvisittane er også ofte få, scenetilvisingane knappe, men viktige.

Og karakteristisk for Fosse – vekslinga mellom «kort pause» og «lang pause» gir føringar for korleis stykket kan spelast.

☞ Som dei fleste Jon Fosse-stykka handlar også *Nokon kjem til å komme* om relasjonar mellom nære familiemedlemmer eller mellom par. Stykket tematiserer grunnleggjande kjensleprega konflikhtar som kan oppstå mellom to menneske som står kvarandre nær – kjensler som sjalusi, svik og einsemd. Fosses fokus på par- og familierelasjonar plasserer han i ein dominerande trend i litteraturen på 1990- og 2000-talet: Kva vilkår har familien i ei postmoderne tid? I Fosses stykke er det ofte avstand, einsemd og problem med kommunikasjon som dominerer familielivet.

☞ *Nokon kjem til å komme* tematiserer på mange måtar svært grunnleggjande eksistensielle spørsmål: Korleis ter vi oss i

høve til andre menneske? Korleis kommuniserer vi med menneske rundt oss? Og korleis kommuniserer vi med oss sjølve? Denne balansegangen ser vi i *Nokon kjem til å komme* som vekslinga mellom indre monologar og ytre dialogar. Dei ytre dialogane er replikkane skodespelarane framfører, mens dei indre monologane karakterane fører med seg sjølve, blir viste i form av pausar og togn på scena. Denne toгна, avstanden mellom menneska og pausane i kommunikasjonen er på mange måtar sjølve essensen i forfattarskapen til Fosse.

Det utilstrekkelege i språket

☛ Jon Fosse har utvikla ei gjenkjenneleg språktone der karakterane – anten i romanform eller på scene – dvelar ved same utsegn, ord, dialog eller setning. Desse gjentakingane får nærmast eit musikalsk preg over seg – små forskyvingar i utsegnene fører også til små forskyvingar i meining. Tempoet i tekstane til Fosse blir også uhyre langsamt. Stykka er prega av lite konkret handling, meininga og innhaldet ligg i dialogane – og i pausane.

☛ Fosses skrivestil kan minne om den modernistiske *stream of consciousness*-teknikken. Det menneskelege medvitet og tankegangen er viktigare å få fram enn faktisk dialog og ytre kommunikasjon. Fosses stykke handlar også ofte om stilla

og fråværet av ytre kommunikasjon – det er det indre som er «ekte».

☛ Gjentakingane og dei små forskyvingane i meining tvingar også publikum eller lesaren til å reflektere over språket og kommunikasjonens rolle og kraft. Kor mykje meining kan språket eigentleg bere? Klarer språket å formidle tankane og kjenslene frå det indre i eit menneske? Kan språket formidle noko sant og verkeleg? Dette er problemstillingar kunsten har sett fram på ulike måtar etter gjennombrotet til modernismen.

☛ I postmoderne språkfilosofi stiller ein også kritiske spørsmål til i kva grad språket evnar å bere meining. Språk skildrar nemleg ikkje røyndommen – det konstruerer eit bilete av han. Dermed blir all språkleg kommunikasjon og skildring av omverda eit subjektivt og personleg uttrykk. Språket kan ikkje formidle ei

konkret og handfast sanning som er lik for både avsendar og mottakar. Denne subjektive røyndomsforståinga, og den personlege bruken av språket, kan ein også finne igjen i forfattarskapen til Fosse.

☞ Fosses problematisering av språket som meiningsberar, og den genuine krinsinga hans kring stille og pausar som meiningsberande, kan også tolkast i lys av ein religiøs tradisjon. Fosse er inspirert av mystikken, og ein grunnleggjande tanke her er at mystiske erfaringar er ordause og intuitive – og kan kallast fram til dømes gjennom meditasjon. Fosses stille og pausar kan ha ein slik meditativ funksjon og skape ny erkjenning hos mottakaren.



Jon Fosse om kva romanen har å seie for menneskelivet




Foto: Tom A. Kolstad / Aftenposten / Scanpix

